



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 22.02.2019
Vår ref: 2018/2220


Dykkar dato: 21.02.2019
Dykkar ref: 18/3607

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage på dispensasjon til ny plassering og etablering av naust - Lindås - gnr. 83 bnr. 1 - Spjotøy

Vi viser til brev frå kommunen datert 14. 02.2019 og 21.02.2019. Saka gjeld dispensasjon for plassering av naust. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (KDP) sin arealdel er definert som LNF/sjøareal. Tiltaket krev dispensasjon frå PBL § 1-8 og frå arealformål i KDP.

Kart



Lindås kommune gjorde følgjande administrative vedtak, saknr. 098/19, datert 14.02.2019:
«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå PBL §1-8 for byggegrense mot sjø og arealføremål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for plassering av naust på gbnr 83/1.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Plassering som skissert i situasjonsplan datert 07.11.18
2. Utbygging skal skje i samsvar med føresogn 4.32- 4.36 i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel.»

**Fylkesmannen klager på Lindås kommune sitt vedtak av 14.02.2019, saknr. 098/19.****Grunngjeving**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og regulareringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen rådde ifrå dispensasjon til ny plassering av naust i brev av 16.01.2019. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klagen:

«Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Forbodet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø veier tungt. jf. Ot. prp. 32 (2007-08) side 243.

Fylkesmannen si vurdering er at området har store strandsoneverdiar. Vika er regna som ein del av friluftslivområdet Lindåspollane/Lindåsosane som er vurdert som svært viktig (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00012927>). Noko av det som gjer området attraktivt er landskapet. Her er det snakk om å fylle ut og okkupere store deler at ei trong vik. Vi meiner at den nye plasseringa av naust vil ha mykje større negative verknadar på landskapet enn plasseringa i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til utfylling i sjø og oppføring av naust i denne saka.»

Kommunen skriv i si vurdering at det er lagt særleg vekt på at det er sett av areal i KDP (#10) for oppføring av naust. Fylkesmannen vil peike på at i kommunedelplanen er det vurdert at det kan plasserast eit naust på eit konkret område. Det er den plasseringa som er vurdert. Det er ikkje kurant å plassere naustet kvar som helst i nærleiken. I konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen er det mellom anna lagt vekt på at terrenginngrepa vert små. Den nye plasseringa krev utfylling i sjø og vil okkupere store deler av den tronge vika. Fylkesmannen meiner den nye plasseringa vil føre til vesentleg større inngrep i terrenget. Friluftsinteressene vert i større grad råka ved ny plassering då verdiane inst i vika vert forringa ved at utsikten mot sjø vert inn i eit naust. Okkupasjonen vert større fordi den nye plassering vil følast som ein okkupasjon av store delar av vika i staden for ein okkupasjon inst i vika. Vi er ikkje samd med kommunen i at dette er ei bra plassering i landskapet.

Fylkesmannen si vurdering er etter dette at omsyna bak pbl § 1-8 vert vesentleg tilsidesette dersom det vert gitt dispensasjon til ny plassering av naust, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klaga på Lindås kommune sitt vedtak av 14.02.2019, saknr. 098/19.



Fylkesmannen ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon til naust som omsøkt.

Dersom klagen ikkje vert tatt til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil deretter senda saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent